

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 27. januar 2016

Kombinasjonen av å vere medlem av kontrollutvalet og medlem av finansutvalet

1. Bakgrunn:

I møteboka frå finansutvalet sitt møte 04.11.15 heiter det m.a. følgjande:

«Det vart innleiingsvis stilt spørsmål frå Sigurd Reksnes, Sp, om samansettinga av finansutvalet, om leiar i kontrollutvalet også kan vere medlem i finansutvalet. Fylkesrådmannen vart bedt om å leggje fram eit notat der denne problem-stillinga vert vurdert.»

2. Rettsleg utgangspunkt:

Av kommunelova § 77 nr. 2 framgår det at utelukka frå val til kontrollutvalet er m.a. medlemmer av fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde («beslutningsmyndighet»). Etter lovendring som vart iverksett 01.11.15, er det presisert at det same gjeld for medlemmer av fylkestingskomitéar etter kommunelova § 10a¹.

3. Finansutvalet:

Finansutvalet er i fylkestingsperioden 2015 – 2019 sett saman av dei ni medlemene i fylkesutvalet, dei tre hovudutvalsleiarane og dei tre gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet eller som har hovudutvalsleiar, jf. FT-sak 43/15.

Fylkesrådmannen legg gjennom året fram ei rekkje arbeidsdokument for finansutvalet. Tilbakemeldingane frå finansutvalet tek fylkesrådmannen med seg i arbeidet med neste arbeidsdokument. På denne måten styrer finansutvalet arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan gjennom heile året.

I eit normalår legg finansutvalet fram forslag til årsbudsjett og økonomiplan for hovudutvala og fylkesutvalet i november. Fylkestinget gjer vedtak etter framlegg frå fylkesutvalet.

Sidan 2014 har det blitt ført møtebok frå møta i finansutvalet, der fylkesrådmannen sine tilrådingar og finansutvalet sine avrøystingar og konklusjonar kjem fram.

4. Vurdering:

Kontrollutvalet er ansvarleg for kontroll og tilsyn med heile den fylkeskommunale verksemda, irekna det politiske nivået². For å sikre kontrollutvalet sin status som uavhengig og tillitsvekkjande

¹ Dette følgjer også av kommunelova § 10a nr. 2.

² Utvalet har prinsipielt ikkje tilsynsansvar overfor fylkestinget, men kan uttale seg dersom fylkestinget er i ferd med å gjere, eller har gjort, eit ulovleg vedtak.

kontrollinstans, kan ein kontrollutvalsmedlem ikkje ha verv som kan kome i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Poenget er at kontrollutvalsmedlemer ikkje skal kunne granske si eiga verksemd, jf. Ot.prp. nr. 42 (1991-1992), side 196. Omsynet bak utelukkingsreglane er såleis beslekta med reglane om inhabilitet.

For å unngå at kontrollutvalsmedlemene kjem i uheldige dobbeltroller, er medlemmer av nemnder med avgjerdsrett utelukka frå val til kontrollutvalet. Som nemnd over i pkt. 2, gjeld det same for medlemmer i fylkestingskomitear etter kommunelova § 10a. Bakgrunnen er den sentrale posisjonen desse komiteane har som saksførebuar for fylkestinget, jf. Prop. 119 L (2011-2012), kap. 11. Sjølv om fylkestingskomiteane ikkje har formell avgjerdsrett, har dei stor reell påverknad på dei saksfelte komiteane handsamar.

Finansutvalet er ikkje ei nemnd med avgjerdsrett. Fylkesrådmannen legg til grunn at finansutvalet heller ikkje kan reknast som ein fylkestingskomité etter § 10a, m.a. passar ikkje reglane om val av komitémedlemmer på korleis finansutvalet er oppretta. Realiteten er likevel at finansutvalet har same rolle overfor fylkestinget som ein fylkestingskomité ville ha hatt. Utvalet er eit saksførebuar med betydeleg reell påverknad på det årlege vedtaket fylkestinget gjer om årsbudsjett og økonomiplan.

Ut frå dette legg fylkesrådmannen til grunn at det ikkje er formelle rettslege hinder i kommunelova for at kontrollutvalsleiaren kan vere medlem i finansutvalet. Då finansutvalet har stor reell påverknad på utforminga av årsbudsjettet og økonomiplanen, og såleis er eit sentralt folkevald organ, talar omsynet til kontrollutvalet sin uavhengigheit likevel for at leiaren i organet ikkje *bør* vere medlem i finansutvalet.